



MÅNESJUK

FRAMPEIK

Om vi gjeng i blinde
bli høla i veien lettare å sjå
om vi drikk oss frå sans og samling
bli verda mindre farlig då
om vi gløyme alt vi veit
om vi gløyme alt vi veit
tør du gløyme alt du veit

VANILJE

E det rart at croissanta med vanilje
kan få ei humle til å miste all kontroll
e det rart at sjøl en prest står utan vilje
i mot dunkel duft av dollar
og en dose rock ´n roll

Ho ha aue som dei mørkaste fiola
og et smil som satte verda ut av spill
en svaia rygg som kunne smelte
begge pola
han heldt haudet kaldt,
men haudet gjekk seg vill

For han kjente at det brann
på den staden som han leita
ette ord for
han kjente at det brann
og det einaste som ikkje hjalp
va å forklare korfor

Ta med deg alt du ser og spring
når alt e over eige alle ingenting

Dei gjer det
vi gjer det
du gjer det

Vi e alle dømt til dragning ette lykka
ka e et hjerte i mot verdas søppelberg
i en rus av svart begjær
og stjernenykka
går du taktfast i mot stupet utan verg

For du kjenne at det brenn
på den staden som du leita
ette ord for
du kjenne at det brenn
og det einaste som ikkje hjelp
e å forklare korfor

MÅNESJUK

Du e ikkje for mej
du he visst det heile tida
ej va aldri for deg
det va satt for lenge sida
men det synge i blodet
og ka kan ej gjere
ej ber til han der oppe
og han der nede
om å la meg la vere

For ej e full av vin og stjerner
og overtru
det e månen
han gir meg så låke drauma
det e like før ej hoppa frå
Brooklyn Bru
ej står her
ej står her og kappa tauma
mens ej ber om å la meg la ver

Det e stjerneklar natt
fritt fram for fantasia
du e søvnalus og forlatt
enkelt bytte for mania
du sjangla på line,
men ka kan du gjere
du ber til han der oppe
og han der nede
om å la deg la vere

For du e full av vin
og stjerner og overtru
det e månen
han gir deg så låke drauma
det e like før du hoppa frå
Brooklyn Bru
du står der
du står der og kappa tauma
mens du ber om å la deg la ver

Og heile verda krype inn
i det som står tilbake går vi rundt i ring
og stjerne-lyset svinn og lar oss aleine
ikkje la oss aleine

For vi e full av vin og stjerner
og overtru
det e månen
han gir oss så låke drauma
det e like før vi hoppa frå Brooklyn Bru
vi står her og kappa tauma
mens vi ber om å la oss la ver

NO E DET GLØYMT

No skal ej gløyme alt kaste is på kølheite ord slette kvart minste usynlege spor brenne kvar bru fylle veia med jord	No skal ej gløyme alt ditte skal ikkje få følge meg heim kviskre og frå skuffer og skap om tåkelagt lengsel og jublande tap	Ingen skal ane kor dei tankane spann ingen skal ane kor dei draumane brann ingen skal ane kor dei tankane brann ingen skal ane at dei draumane vann no e det gløymt
No skal ej gløyme alt kan ikkje vente må gjere det no vandre i høghæla, blodige sko til skogen tek slutt og det må den jo ingen kan ane at dei tankane spann ingen kan ane at dei draumane brann no e det gløymt	No skal ej gløyme alt rive opp fanden med rot sjå han i auga og lokke han til bot alt ej vil ha han skal gi meg det	

DU HELD I MEG

Dei sei at det bles der ute havet e skum og bølgefres der ute byen står i nervespenn tida e vår einaste venn men hjertet slår sakte <small>Når fontane bli for store</small>	og alt det ej veit gjere at ej gløyme ordet pålane vi bygde på gi ette for en blå utopi då held du i meg då held ej i deg då held du i meg og hjertet slår sakte	storm der ute og du he søve gjennom alt mens ej kan fortsatt høyre mura som falt då held ej i deg då held du i meg då held ej i deg og hjertet slår sakte hjertet slår sakte
	Dagen e kald der ute <small>regnet gjer reint etter ein</small>	

GJER DET IGJEN

Baby gjer det igjen gjer det igjen - sånn som du gjor det huska du den gong du gjorde så alle i baren forsvann gjer det igjen for ej veit at du kan	Og ej va varm og kald og vill du va Johnny Depp på kola, du tok luven i frå sola, ej blei edru og musikken stod still frå monolog til vaudeville og du såg at det var meir i meg og ej såg berre deg	For ej e varm og kald og vill du e Johnny Depp på kola du tek luven i frå sola ej e edru og musikken stend still frå monolog til vaudeville og ej ser at det e meir i deg
Baby gjer det på gøy berre på gøy - sånn som du gjor det du va heilt drøy då du gjorde så natta blei langsam og mjuk gjorde så morgonen lengta seg sjuk	Baby gjer det igjen det e ingen som du - gjer det du gjorde det he vør andre, men ej vil 'kje snu bordet e reint ta siste glaset så e det for seint	Baby gjer for med meg - gjer det for meg sånn som du gjor det festen e over, men natta e lys ej he gløymt kor vi bor ta meg med heim baby sånn som du gjor

MIN MANN

Min mann
han tape kampa, men ej elska han
du sei du veit kordan det burde ver
men det man veit e 'kje alltid det man
gjer

Det e djupe dala i alle sinn
kem e du som befala at han
slepp deg inn
du kan ikkje eige en veg du ikkje finn

Min mann
han bere draumane med modig hand
han kan løfte fjell i tankespel
alt ej e redd står i brann når han fortel

Det e djupe dala i alle sinn
e det rart man betala for stjernene
man vinn
kordan kan ej klage når han
e berre min
han e berre min



ALASKA		
Ej ska 'kje sei det ej tenke alt e overflødig i rushtrafikk tida e aldri inne for overveide hjertestikk	No e det like før det smell det bobla under betongen no e det like før vi fell på trynet ut av luftballongen	det bobla under betongen no e det like før vi fell på trynet ut av luftballongen
Løfte blikket, trampe takta ikkje dvel ved tunge fakta halde munn og halde maska ikkje sikte mot Alaska	Du he 'kje ønska deg skogen ej he 'kje ønska meg vâr no står vi fast i krattet og ingen lika det dei ser	Dei sei at tidene e bedre no men baby ej he sett deg naken stå i gamle gubbesko du leika med ild, du leika med vatn du kan 'kje kappe halen av dinne pusekatten
	Du kjenne ikkje meg igjen du ligna ikkje mine menn let vi første ordet falle går det under med oss alle <small>No e det like før det smell</small>	

ALT FOR FORT		
Du he ingen plassa å gå det e ingenting du skal nå du ser opp et lite sekund gå så fort du kan	Det e berre no, det e no det skjer tør du kjenne, kjenne lufta ber ingen vei e stengt, ingen hus skal stå det e no, det e no du skal gå	Sleppe taket, ikkje hald igjen ingen ser oss, ingen lampe brenn vi skal gløyme alt det vi he gjort og vi køyre alt for fort
Lufta full av jord og av vår natta venta, dagane spår du tek ringen av du forsvinn som regn på hav	Dinne timen tek det han måtte ta dinne timen gjer det som hjertet sa den e alt den e ingen ting dinne timen he inga meining	Ser du månen løfta himlen over meg ej ser månen, han held varsamt tak i deg ser du månen løfta himlen over deg ej ser månen, han slepp varsamt tak i meg
Ser du månen løfta himlen over meg ej ser månen, han held varsomt tak i deg og vi køyre alt for fort	Ser du månen løfta himlen over meg ej ser månen, han held varsomt tak i deg og vi køyre alt for fort	

LA DET BLI NATT		
Snart skal du få sove vekk e alt han sa du va vekk e det du trur han sa alt du gjerne skulle sagt vekk det du trur e øydelagt	Slepp taket og lat auga at synk sakte, la meg halde vakt slepp taket og la det bli natt la det bli natt	No skal du få sove ikkje hald så hardt igjen vi kan reise segl i spenn bratte bølge når 'kje inn du skal berre høyre stille vind
Snart skal du få sove ikkje fange fleire skot ikkje svelge stille gråt ikkje legge tvil i alt gløyme det du aldri får fortalt	Snart skal du få sleppe ingen snakka, ingen ser ingen måla det du gjer mørket ligg som tunge pledd dekka over alt det du e redd	Slepp taket og lat auga at synk sakte, la meg halde vakt slepp taket og la det bli natt la det bli natt



Tekst og musikk:

H.L.A.

Produsert av Anders Aarum

Arrangement og utarbeiding: Aarum, Martinsen Ånestad, Fossum, Blomvik og H.L.A.

Spelt inn og miksa av Anders Aarum i Krutrøyk Studio, Oslo

Strykerarrangement: Bjarke Falgren

Mastering ved Ulf Holand

Styling/sminke/hår: Anette Ousdal

Design: Silje Fet

Foto: Kristin Støylen

HILDE LOUISE ORCHESTRA

Vokal: H.L.A.

Piano, fender rhodes, pumpeorgel, stueorgel, wurlitzer, trekkspel,

leikepiano, klokkespel, synthar: Anders Aarum

Gitar: Svein Erik Martinsen Ånestad

Kontrabass: Jens Fossum

Trommer og perkusjon: Klaus Robert Blomvik

Strykekvartett: Bjarke Falgren

Klarinett: Atle Nymo

Banjo: Hans Martin Austestad

Kor: Julie Dahle Aagård og Karin Okkenhaug Seim

Støtta av Komponistenes Vederlagsfond, Tekstforfatterfondet,

Fond For Utøvende Kunstnere, Fond For Lyd og Bilde

Takk til Olympen www.olympen.no

www.hildelouise.com

